


## Viktig informasjon om beredskapsvarsling

### Samt informasjon om organisatoriske endringar og takk for samarbeidet

01.01.2019 vert Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane slått saman til eitt embete, Fylkesmannen i Vestland. Frå same dato vert hovudsetet for embetet lagt til Leikanger. Det same vert leiinga av beredskapsseksjonen. Organiseringa av det nye embetet går fram av illustrasjonen under.



Sjølv om leiinga av beredskapsseksjonen vert lagt til Leikanger, vil seksjonen framleis ha medarbeidarar i Bergen. Per 01.01.2019 vil beredskapsseksjonen bestå av følgjande medarbeidarar:

Kontorstad Bergen	Kontorstad Leikanger
	<i>Fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand</i>
Seniorrådgjevar Alfa Sefland Winge	Seniorrådgjevar Mari Severinsen
Seniorrådgjevar Lene Stavseng	Rådgjevar Stig Morten Tengedal
Rådgjevar Anne Catherine Fasmer Eide (Engasjement t.o.m. 31.03.2019)	Rådgjevar Sondre Lekve Bjelle

**Vi gjer særskilt merksam på at Fylkesmannen i Hordaland sin beredskapsvakttelefon (mobiltlf. nr. 916 99 098) vil verte avvikla per 31.12.2018 kl. 24.00. Det betyr at ein frå 01.01.2019 kl. 00.00 i staden må kontakte ny fylkesberedskapssjef, Haavard Stensvand, direkte på mobiltlf. nr. 915 77 432.**

**Den nye beredskaps-e-postadressa frå 01.01.2019 er: [fmvlberedskap@fylkesmannen.no](mailto:fmvlberedskap@fylkesmannen.no).**

**Av praktiske årsaker vil FMHOs vakttelefon verte besvart av påtroppande fylkesberedskapssjef allereie frå 27.12.2018 kl. 10:00, eventuelt kan han kontaktast på nummeret over.**

Underteikna har formelt siste arbeidsdag som fylkesberedskapssjef i Hordaland 31.12.2018, og går frå 01.01.2019 over i ny stilling som fagdirektør i planseksjonen i det nye embetet med oppgåver knytt til kompetanseheving innan samfunnstryggleik i plan (ROS-analysar). Eg reknar såleis med å treffe fleire av dykk òg i framtida.

Eg vil difor nytte høvet til å takke for det gode samarbeidet vi har hatt om samfunnstryggleik og beredskap i Hordaland fylke dei nesten 11 åra eg har hatt gleda av å vere fylkesberedskapssjef. Eg ønskjer dykk alle, og kommunane i sær, lukke til vidare med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet.

Avslutningsvis vil eg på vegne av oss på beredskapsseksjonen hjå Fylkesmannen i Hordaland ønskje alle ei fredeleg julehøgtid og eit riktig godt nytt år!

Med vennleg helsing

Arve Meidell  
fylkesberedskapssjef